

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 29.09.2022
SAKSHANDSAMAR: Terje Olav Øen
SAKA GJELD: **Beredskapsarbeid i Helse Førde - handlingsplan 2022-2023**

ARKIVSAK: 2020/3560

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
24.11.2022

STYRESAK:
069/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om beredskapsarbeid i Helse Førde til vitende.

Oppsummering

Beredskapsarbeidet i Helse Førde vert utført i samsvar med førande oppdragsdokument, planar og lovreguleringar. Beredskapsarbeidet har vore knytt til handtering av pandemien og revisjon av planar.

Krisa i Ukraina har i mindre grad påverka Helse Førde, men atomberedskapen har fått auka merksemd. CBRNE-beredskapen er under forbetring der ein no har fått på plass utstyr og skal setje i gang opplæring.

Det er godt samarbeid internt i Helse Vest og ikkje minst med kommunesektoren.

Faste og tilfeldige bordøvingar er gjennomført. Beredskapsleiinga har ikkje gjennomført øving, men det er planlagd gjennomført ei øving knytt til nasjonal helseberedskapsøving og regional beredskapsøving i november/desember.

Lokal beredskapsleiing i Lærdal og Nordfjordeid har hatt eit par table-top øvingar kvar. IKT-stab har faste øvingar kvar månad. Likeeins vert psykososialt støtteteam øvd årleg.

Brannøvingar vert gjennomført i samsvar med krav. Helse Førde nyttar VR briller til praktisk trening.

Fakta

Administrerande direktør rapporterer årleg på beredskapsarbeidet i helseføretaket. Styrande for arbeidet er nasjonal helseberedskapsplan og noverande regional beredskapsplan (2018-2021) som har fått forlenga gyldigheitsperiode.

I styringsdokumentet frå Helse Vest er det gjeve føringar for at Helse Førde skal delta med kompetanse innan merkantilt, helsefag og beredskap i prosjektarbeidet knytt til etablering av eit forsyningsssenter for beredskapsvarer. Dette var eit tiltak som RHFet starta i byrjinga av pandemihandteringa. Arbeidet held fram og vil truleg også omfatte fleire varetypar.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- *vidareutvikle beredskapsarbeidet og -planane med tanke på pandemiar og andre alvorlege kriser ved å følge opp eigenevaluering av pandemihandteringa, Koronakommisjonen sin rapport og eigne analysar av risiko og sårbarheit knytt til infrastruktur, kompetanse og innsatsfaktorar mv.*

Det er tatt initiativ til å få til ein revisjon av Helse Førde sitt planverk knytt til pandemihandteringa. Arbeidet er starta, men vil ikkje vere ferdig før andre kvartal 2023. Det må samhandlast med kommunane om deler av planverket.

- *bidra med innspel til departementet sin nasjonale gjennomgang av helseberedskapen i 2022.* Helse Førde deltek med innspel til ny helseberedskapsplan etter oppmoding frå Helse- og omsorgsdepartementet. Desse er send over til Helse Vest RHF.

- *delta i planlegging, gjennomføring og evaluering av Helse Vest sin del av nasjonal helseberedskapsøving 2022.*
Helse Førde deltek med planspel ved Arctic Rhein 2022 som også er ein del nasjonal helseøving.

- *sørge for at militært personell som gjer teneste under NATO-øvinga Cold Response 2022 får tilgang til spesialisthelsetenester utan etterfølgande fakturering frå norske myndigheiter.*
Dette er handtert gjennom egne rutinar.

Det er også kome eit tilleggsoppdrag knytt til erfaringar frå covid-19-pandemien der spørsmåla under er svart ut. Handteringa av covid-19-pandemien har stilt høgare krav til

- *samarbeid mellom kommunar og helseføretak for å kunne ta hand om dei behova folk har for helse- og omsorgstenester.*
- *Kapasiteten i både kommunar og helseføretak har vore utfordra, og det varierte i kva grad ein hadde planlagt for nok fleksibilitet.*

Evalueringsrapporten frå Koronakommisjonen viser også at det er ei utfordring for helseføretaka å setje av tid til å øve beredskap, både på leiingsnivå og hjå medarbeidarar. Det er krav til effektivitet og pasienthandtering i dagleg drift som er styrande for rammer og oppgåvetildeling. Dette gjeld også i Helse Førde og styrer prioriteringane i helseføretaket.

Deltaking i ulike fora

Helse Førde er representert ved beredskapssjefen i

- *regionalt beredskapsutval i Helse Vest (beredskapssjef Helse Førde for tida leiar) – faste videomøte (eitt eller fleire pr. månad). Ein har gjennomført to fysiske samlingar frå mai til i dag.*
- *statsforvalter si beredskapssamling for kommunar og andre beredskapsaktørar med hovudvekt på pandemihandtering og sivilt/militært samarbeid, samt fylkesROS.*
- *nasjonal beredskapssamling mellom RHF-a/HF-a – gjennomførast i november 22.*
- *nasjonal helseberedskapskonferanse – vart ikkje gjennomført i 2021, men vert gjennomført no i november 22.*
- *LRS stab Vest politidistrikt der det har vore eitt møte og beredskapsøving.*

Administrerande direktør er fast medlem av fylkesberedskapsrådet (FBR), med beredskapssjef som varamedlem. Det har vore fleire møte i FBR vedrørande krigen i Ukraina med vekt på flyktningar og atomberedskap.

Det vert gjennomført to årlege samarbeidsmøte mellom leiinga i Vest politidistrikt og Helse Førde der administrerande direktør også deltek.

Faste møte i taktisk samhandlingsgruppe vedkomande pandemihandteringa vart avslutta i mars 2022. Pandemien har i stor grad vist at god samhandling og forståing for at mange ledd skal fungere, er nødvendige for at helsetenesta skal kunne yte gode tenester. Tilsvarende ser vi også dette under den nye krisa knytt til væpna konflikt mellom Russland og Ukraina.

Beredskapshendingar

Beredskapshendingar i 2022 og fram til i dag fordeler seg slik;

- IKT-bortfall 5 (24) hendingar
- Generell beredskap 5 (14) hendingar

Rød beredskap: 3(4) Gul beredskap: 0 (7) Grøn beredskap: 3 (25) Normal drift: 4(2)

Rød beredskap er utløyst ved regionalt bortfall av IKT-funksjonar der m.a. kontakt med nettverk har vore nede, samt større brann og snøskred (sommar).

2(7) av disse beredskapssituasjonane var planlagte forbetringstiltak som medførte at delplanar i Helse Førde sin beredskapsplan vart sett i verk.

Det har 5 (0) større pre-hospitale hendingar som har medført auka beredskap (brann, snøskred, skipshavari).

Fleire tilfelle er IKT-hendingar som gjer oss sårbare. I tillegg til det som har vore definert som beredskap har Helse Førde hatt manglande funksjonalitet ved sentralbord og telefoni. Fleire møte er gjennomført med Helse Vest IKT om dette som no skal vere i betring. Imatisløysinga for internkommunikasjon er framleis sårbar, og ein arbeider for å betre stabiliteten i løysinga. I mellomtida har ein også reserverløysingar i bruk.

Ein har også sett i verk tiltak for å sikre tryggare kommunikasjon innan psykisk helsevern. Det vert vurdert bruk av naudnettradio også her.

Rutinar og planverk for sikkerheit er ferdigstilt og godkjent. Beredskapssjef er Helse Førde sin sikkerheitsleiar. Føringar frå Helse- og omsorgsdepartementet via regionalt helseføretak stiller krav til kryptert informasjonsutveksling. Alle helseføretak må etablere kryptert nett for handtering av helselegstempla informasjon. Helseføretaka i Helse Vest samarbeider om dette no i haust.

Helse Førde har sikkerheitsklarert tre personar som skal fungere som beredskapsleiar ved beredskapshending, og som kan handtere denne type informasjon. I tillegg har vi fått sikkerheitsklarert fleire medlemmer av beredskapsleiinga.

Arbeid knytt til rigging av saneringsstasjonar ved alle sjukehusa og opplæring av personell har blitt sterkt forseinka. Arbeidet vert gjort i samarbeid med CBRNE-senteret. Ein har sett i verk produksjon av saneringsstasjonar. Opplæring av sjukepleiarressursar til dekontaminering /sanering av pasientar skal gjennomførast våren 2022.

Gjennomføring av tiltak

Ut frå målet for beredskapsarbeidet i 2020/2021 har vi hatt fokus på desse oppgåvene:

- Etablere god CBRNE-beredskap med saneringsstasjonar og kompetent personell
- Øve tilsette i god kommunikasjonsberedskap
- Samhandling med eksterne aktørar
- Øve tilsette gjennom ulike mindre scenario med tanke på å auke beredskapskrafta i helseføretaket

- Halde fram med opplæring av leiarar og tilsette i beredskapsplanverk
- Utvikle beredskapsplan i samsvar med dei ulike einingane
- Etablere sikkerheitsorganisasjonen
- Gjennomføre tiltak som vert gjeve i styringsdokumentet
- Delta i varslingsøvingar
- Fylgje opp nasjonale føringar for beredskapsplanlegging

Øvingar

Det er gjennomført varslings- og sambandsøvingar for å øve prosedyretrening og samvirke. Dei tre psykososiale støttegruppene har to årlege møte med m.a. bordøving. IKT-staben vert regelmessig øvd, og det syner seg at det er rett satsing.

Vi klarer framleis ikkje å gjennomføre tilstrekkeleg tal øvingar med kommunane. Dette grunna manglande kapasitet både i kommunane og Helse Førde.

Helse Førde deltek i varslingsøvingar i regi av regionalt beredskapsutval. Det er i mindre grad gjennomført større reelle øvingar mellom naudetatane.

Det vart i vår gjennomført brannvernøving med evakuering frå Farabygget som huser prehospitale tenester og AMK-sentral. Ein fekk avdekka manglar knytt til viktige funksjonar i naudmeldetenesta internt i helseføretaket.

Ambulansetenesta har delteke på PLIVO-øvingar og ei større lufthamnøving.

Administrerande direktør vurderer å skipe til eit eige øvingsutval i Helse Førde som skal sikre god ressursutnytting og erfaringslæring på tvers. Det er viktig å øve mest mogleg realistisk og sikre at flest mogleg funksjonar kan øvast samstundes, eller som ein del av eit koordinert øvingsopplegg.

Opplæring

Det vert gjeve beredskapsopplæring til nytilsette LIS1-legar og studentar/lærlingar som skal vere i praksis i helseføretaket. Det har ikkje vore gjeve opplæring i beredskapsarbeid på seksjonsnivå siste året.

Beredskap som tema på kurs i HMS for verneombod og leiarar, er innarbeidd.

Det er gjennomført eit kursopplegg for brannvernleiarar ved Nordfjord sjukehus og Førde sentralsjukehus. Lærdal sjukehus får slik opplæring i haust. Tilsette får tilbod om brannvernopplæring ved bruk av VR-teknologi.

Det er gjennomført fleire bord-øvingar for IKT-stab, lokal beredskapsleiing ved Nordfjord og Lærdal sjukehus.

Evaluering av pandemihandteringa er gjennomført i mindre grad, og ein har svara ut regionale og sentrale førespurnader. Det er også svara ut innspel til revidering av helseberedskapsplanen nasjonalt bygd på dei erfaringar som er gjort. Revisjon av beredskap skal bygge på evaluering og forbetring av planverk.

Hendingar, internkontroll og revisjon

Som tidlegare er hendingar også siste året knytt hovudsakleg til IKT-utfall med sviktande tilgang til pasientopplysingar frå elektronisk journal. Elles har vi avslutta den lengste beredskapssituasjon vi nokon gang har hatt med pandemisituasjonen. Erfaringane frå denne må leggest til grunn ved revidering av beredskapsplan for smittevern.

Beredskapsleiinga er tenkt redusert. Arbeidet med dette har gått over lengre tid, og er no i ferd med å bli avslutta. Planen var å ha det ferdig i andre kvartal.

Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune stiller seg positive til å etablere database for elektroniske beredskapsplanar for tunnelane ved gjennomgang av sine datasystem. Innspela til Helse Førde vert tatt med i vidare arbeid.

Sikring av beredskapsmateriell

Tilgang til utstyr er grunnleggande for fagleg forsvarleg drift. Det vert no sett i verk tiltak med å skaffe enkelt verneutstyr knytt til ev. radioaktivt materiale, i samsvar med retningslinjer frå Direktoratet for stråling og atomberedskap. Dette er eingongsdressar, skoovertrekk og P3 andletsmaske.

Tilstrekkeleg lagringsplass for beredskapsutstyr som gjer det mogeleg med god sirkulasjon av beredskapsmateriell, er viktig. Vi vonar at eit regionalt beredskapslager vil dekke funksjonen.

Handlingsplan 2022-2023

Planverket vert stadig forbetra og oppdatert. Likeeins prøver vi å gjere det meir tilgjengeleg.

Vidare satsar vi på:

- Halde fram arbeidet med etablering av god CBRNE-beredskap med saneringsstasjonar og kompetent personell ved å etablere eiga koordineringsgruppe for dette, samt medverke til at delplan CBRNE i Helse Vest vert utvikla og implementert.
- Øve god kommunikasjonsberedskap.
- Samhandling med eksterne aktørar, både naudetat og andre organisasjonar/kommunar.
- Halde fram revisjonsarbeid med planverk og betre visualisering av beredskapsplanen.
- Bruke bordøvingar for å auke beredskapskompetansen i Helse Førde.
- Halde fram med opplæring av leiarar og tilsette i beredskapsplanverk.
- Utvikle betre beredskapsplanar i samsvar med dei ulike einingane, og sikre gode delplanar med tiltakskort og sjekklister.
- Etablere og øve sikkerheitsorganisasjonen og sikre mottak av kryptert informasjon.
- Gjennomføre tiltak som vert gjeve i styringsdokumentet.
- Følgje opp nasjonale føringar for beredskapsplanlegging og følgje opp styringssignal frå overordna styremakt.
- Delta og gjennomføre lokale og regionale varslingsøvingar.

Konklusjon

Beredskapsarbeidet har siste år vore påverka av ustabilitet i vår del av verda. Det har vore fokus på atomulukkeberedskap og CBRNE-handtering. Helse Førde har delteke i utarbeiding av Helse Vest RHF sin statusrapport om problemstillinga.

Det har vore noko aktivitet på øvingsfronten, både fullskalaøvingar og bordøvingar. Det er gjennomført fleire møte med politi og brannvern, og i LRS og fylkesberedskapsråd.

Det er fokus på sivilt-militært samarbeid også i vårt område. Helse Førde har utarbeidd plan og retningslinjer for sikkerheitsorganisasjon.

Saman med kommunane og andre aktørar må vi vere merksame på utfordringar knytt til smittehandtering, forsyningsverksemd og infrastruktur. Det må arbeidast for å sikre kommunikasjonshandtering på tvers av beredskapsorganisasjonane.

Det vert arbeid målretta med betre beredskapsplanar, tiltakskort og sjekklister som gjev dei tilsette støtte når hendingar oppstår.